

Overordna retningsliner for tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK-midler) i Voss herad



Innhald

| | |
|--|----|
| Innleiing..... | 2 |
| Skogen si rolle i det grønne skifte..... | 3 |
| Vossaklima 2030..... | 4 |
| SNU..... | 5 |
| Tiltak..... | 5 |
| Tilskot til skogkultur..... | 5 |
| Tilskotssatser..... | 6 |
| Utfyllande kommentarar til tiltak og tilskotssatsar:..... | 6 |
| Tilskot til tettare skogplanting som klimatiltak..... | 7 |
| Godkjent kostnadsgrunnlag for eige arbeid..... | 8 |
| Søknad, sakshandsaming - skogkulturtiltak..... | 8 |
| Tilskot til overordna vegplanlegging..... | 8 |
| Tilskot til vegbygging..... | 9 |
| Krav til vegstandard..... | 9 |
| Vilkår for tilskot - skal vera med i alle vedtak..... | 10 |
| Tilskotssatser..... | 10 |
| Søknad og sakshandsaming – vegar..... | 11 |
| Tilskot til drift med taubane, hest o.a. | 11 |
| Krav til drift med taubane, hest o.a..... | 11 |
| Tilskotssatser i kr/ m3 innmålt..... | 12 |
| Søknad og sakshandsaming - Tilskot til drift med taubane, hest o.a. | 12 |
| Tilskot til miljøtiltak i skog..... | 13 |
| Kontroll..... | 13 |

Innleiing

Voss herad har ansvar og mynde til å handsama søknader og tildele midlar etter forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK -forskrifta). Denne forskrifta omhandlar tilskot til skogkultur, vegbygging, miljøtiltak i skog, drift med taubane/hest samt andre tiltak i skogbruket.

Statsforvaltaren i Vestland tildeler årleg midlar til kvar kommune, basert på historisk aktivitet og forventa aktivitet som kommunen melder inn. Den totale potten kvart fylke fordeler til kommunane, vil variera frå år til år, avhengig av årlege løyvingar forhandla over jordbruksavtala og statsbudsjettet.

Vedtak på søknader om tilskot til skogbrukstiltak er enkeltvedtak etter forvaltningslova, som har klagerett. Voss herad skal i vedtak opplysa om klagerett og klageinstans.

Alle kommunar skal ha overordna retningsliner for prioritering av søknader. Gjeldande overordna retningsliner for NMSK- tilskot vart utarbeid i 2019, og gjeld for perioden 2020-2023. Nye overordna retningsliner vil gjelda frå 2024 og fram til nye retningsliner vert vedteken.


Overordna retningsliner har vore på høyring til Statsforvaltaren i Vestland, næringa ved 3 tømmeraktørar, Skogselskapa i Vestland samt Voss skogeigarlag. Voss herad har teke inn fleire av momenta som kom inn i høyringsuttale av 05.04.24 frå Statsforvaltaren i Vestland.

Skogen si rolle i det grønne skifte

I tillegg til overordna nasjonale/ regionale mål er det tydelege føringar på kommunen sitt arbeide med klimaomstilling. I tilrettelegging og utvikling av det grønne skiftet skal kommunane aktivt bidra til reduksjon av klimagassutslepp og auka miljøvenleg energiomlegging. Samstundes skal samfunnet bu seg på og tilpassa seg dei klimaendringane som kjem uansett (klimatilpassing).

Sektorfordelte utslepp per år 2009 - 2018

Miljødirektoratet har sidan 2009 levert statistikk for kommunane sine geografiske klimaotslepp. For Voss ser utviklinga slik ut:



Klimarekneskap frå desse kjeldene vil utgjera grunnlag for mogelege strategiar og tiltak i Vossaklima 2030: Klimarekneskap knytt til Voss herad som verksemd, klimarekneskap for heradet som geografisk område og klimafotavtrykk frå kommunen sine innbyggjarar.

CO₂-opptak i skog er ein del av Noreg sitt overordna klimamål under Parisavtalen, og klimamålet gjeld alle utslepp og opptak frå skog og areal. EU-regelverket har ulike bokføringsreglar for påskoging og forvaltning av eksisterande skog gjennom modellert referansebane i perioden 2021-2025. Det vil seia at det er årleg netto-opptak av CO₂ og avvik frå referansebanen som avgjer om ein verdi skal bokførast som utslepp eller opptak.

Skogane i Voss herad bind store mengder karbon. Estimert nettobinding pr. år er rekna ut gjennom bruk av *Skogbrukets klimakalkulator* og inngangsverdiar på det produktive skogarealet, hogst, skjøtseltiltak og forventa effekt gjennom bruk av tre som erstatning for ikkje fornybare ressursar.

Voss- Effekt årleg co2- binding i skog

| | |
|---|-----------------|
| • Netto opptak av CO2 (tilvekst – hogst) | 50100 tonn co2 |
| • + Framtidig effekt av optimal skogskjøtsel | 6000 |
| • +Effekt ved bruk av tre som erstatter ikkje fornybare ressursar | 14500 |
| • +Effekt ved bruk av bioenergi som erstatter fossil energi | 29000 |
| • = samla årleg effekt | ca 100 000 tonn |
| • Ifølge tal frå Vestland fylke er årleg utslepp estimert til 96 660 tonn | |

Rekneskapan syner at det årlege CO2-opptaket i skog er høgare enn samla utslepp i Voss herad. Dette er vesentleg høgare enn landsgjennomsnittet, og den storstilte skogreisinga som vart gjennomført frå 50-talet og utover er ei av hovudårsakene til dette (høg tilvekst).

Omlag halvparten av hogsten vert sagtømmer, og vel halvparten av dette vert trelast, som er gir langsiktig karbonlagring. Karbonet vert flytta frå lagring i skogen til lagring i bygg. Etter hogst vert det planta ny skog, og karbonbindinga startar på nytt. Auka bruk av trelast erstattar bruk av betong og stål, som har høgt klimaavtrykk.

Moelven Granvin Bruk i Granvin er det einaste større sagbruket på Vestlandet. Dei foredlar omlag 80 000 m3 gran-sagtømmer i året, som hovudsakleg kjem frå bilområde. Voss har derfor eit godt utgangspunkt for å sikra kortreiste råvarer inn, og kortreiste foredla treprodukt ut.

Vossaklima 2030

I [Vossaklima 2030](#) er det peika på ei rekkje satsingsområde og tiltak i handlingsplanen, som gjeld skogbruk. Desse er implementerte inn i overordna retningsliner for NMSK-midlar:

- *Satsingsområde 3: Eit berekraftig framtidsretta landbruk*
 - *Pkt 3.14 Utvikla skogbruket i Voss herad i tråd med målsetjingane om høg virke kvalitet og naturmangfald. Fremja berekraftig skogbruk gjennom ein forvaltningspraksis som har ei klimavenleg tilnærming.*
 - *Pkt 3.16 Tilskotsmidlane for skogkultivering skal knyttast til klimarekneskapan, for å fremje bruk som fører til eit klimafremjande skogbruk*
 - *Pkt 3.17 Tilby skogeigarane kursing innan planting, ungsogpleie og skogplanlegging*
- *Satsingsområde 4: Naturen som karbonlager*
 - *Pkt 4.7 Gå i dialog med private grunneigarar om ei arealforvaltning som tek omsyn til klimagassutslepp og -opptak, og klimatilpassing*
- *Satsingsområde 7: Grøn giv i næringslivet*
- *Utvikla skogbruket i Voss herad i tråd med målsetjingane om høg virkeskvalitet og naturmangfald.*

SNU

I *Strategisk næringsutvikling Voss* ([SNU](#)) er måla for utvikling av landbruk og skogbruk lagt fram. Under pkt 1.7 *Landbruk og jordvern* står det:

Landbruk er ei stor og viktig næring for Voss, både for sysselsetting og verdiproduksjon, mattryggleik, kulturlandskap, naturmangfald og identitet. Landbruket er slik langt meir enn ei næring. Jord- og skogbruk er viktig for bevaring av biologisk mangfald og funksjonen som karbonlager. Verdikjeder knytte til skog og jordbruk inneheld kunnskapsintensive, tenesteytande næringar og spesialiserte underleverandørar. Landbruket spelar også ei viktig rolle for å vidareføra tradisjonell kunnskap og kultur knytt til bruk av ressursane.

Mål

- *Oppretthalda kulturlandskap, tradisjonelt landbruk og mangfaldet av næringsverksemdar som er knytte til landbruket.*
- *Landbruket i Voss herad skal ha verdiskaping over landsgjennomsnittet, vera klima- og miljøvenleg og ha utgangspunkt i berekraftig bruk av lokale ressursar.*

Tiltak

- *Ta initiativ til ei framsynt og innovativ utvikling av landbruket vårt*
- *Landbruksinteresser skal vektleggjast i arealplanlegginga i Voss herad*
- *Bidra aktivt til at sysselsettinga i eit berekraftig og framtidsetta landbruk vert oppretthalden*
- *Landbruket i Voss herad skal i størst mogeleg grad basera produksjonen på lokale ressursar, og ta ut potensialet for meirverdi gjennom kvalitet og god berekraftsøkonomi*
- *Utvikla skogbruket i Voss herad i tråd med målsetjingane om høg virke kvalitet og naturmangfald*

Tiltak

Tilskot til skogkultur

Endring av forskrift om berekraftig skogbruk tredde i kraft 1. januar 2024 ([Forskrift om endring i forskrift om berekraftig skogbruk - Lovdata](#)) med ei tydeleg presisering på kva som ligg i foryngelseplikt gjennom rett og stadtilpassa forynging. Forskrifta fastslår at barskog (som i hovudsak er gran i Vestland) med høg bonitet skal foryngast med barskog (gran) att. Forskrifta er tydeleg på at ei forynging berre er å rekne som tilfredstillande med minimum 150 barskogplanter på areal med høg bonitet. Lauvplanter kjem i tillegg og kan ikkje reknast som del av kravet. Ynskjer skogeigar å endre på dette, skal kommunen godkjenne endringa. Denne presiseringa vil vere førande for bruken av tilskotsmidlar på skogkultur.

Målsetjinga med prioritering av tilskot til skogkultur er å stimulera til god skjøtsel til rett tid, for å sikra volum- og kvalitetsproduksjon av tømmer, som er godt tilpassa eit klima i stor endring.

Dei viktigaste prioriteringane er:

Forynging av skog etter hogst. Forynging av ny skog etter hogst, med treslag som gjev like godt eller betre volum – og verdiproduksjon som tidlegare treslag. Alternativ til planting av hogd areal er påskoging og treslagsskifte av tilsvarande areal på eigedomen.

- **Suppleringsplanting.** Kontroll av tilplanta felt utanom vekstsesong 1. år og 2. år etter planting, er viktig for å avgjera om det er trong for suppleringsplanting.
- **Skjøtsel av ungskog.** Gjennom ungskogpleie legg ein grunnlaget for framtidsskogen når det gjeld kvalitet, volum og økonomi. Skogen vil då verta meir robust, og betre tole skader frå eit endra klima.
- **Påskoging av nye areal og treslagsskifte – oppretthalda ressursgrunnlaget.** Årleg forsvinn det mykje høgproduserande skog ved manglande forynging etter hogst. Dette fører til redusert verdiskaping og karbonbinding på skogareala.

Tilskotssatsar

| Tiltak | Tilskotssats NMSK | Tilskotssats Voss herad |
|--|-------------------|-------------------------|
| Flaterydding | 60 | |
| Markriving | 50 | |
| Nyplanting ordinær | 30 | |
| Nyplanting påskoging og treslagsskifte | 50 | 30 |
| Suppleringsplanting | 50 | 30 |
| Ungskogpleie | 50 | 30 |

Øvre tak på innkjøp av planter

| Plantetkjøp | Max kostnad i kr/ plante | Merknad |
|---|--------------------------|----------------------------------|
| Planter til skogproduksjon | 4,5 | Gjeldande prisar frå planteskule |
| Planter til juletre- og pyntegrønt | 6 | Gjeldande prisar frå planteskule |
| Lauvtre/ spesielle treslag til skogproduksjon | 7 | |

Utfyllande kommentarar til tiltak og tilskotssatsar:

- **Det kan gjevast inntil 80 % tilskot til skogkulturtiltak**, den kommunale tilskotssatsen vert redusert dersom samla tilskot kjem over 80 %.
- **Flaterydding ved etablering av kulturskog for 1. gong og markriving** må førehandsgodkjennast frå kommunen.
- **Ved nyplanting etter hogst av gran** er gnag av gransnutebilla den største skadegjeraren. Livssyklusen til gransnutebilla gjer at planting utført på vår 1. vekstsesong etter hogst, heile 2.

vekstseson og vårplanting 3. vekstseson er ekstra utsett. Av den grunn vil ikkje Voss herad prioritera tilskot til planting i år 2 og vårplanting i år 3 etter hogst. Vårplanting i år 1 etter hogst har likevel fleire fordelar som gjer at det vert opna for tilskot ved planting i «grønt bar». Plantane får eit forsprang på konkurrerende vegetasjon, og vil veksa seg kraftigare med større rothalsdiameter 1. vekstseson, før populasjonen av gransnutebilla aukar i 2. vekstseson.

- **Markriving før planting** er eit viktig tiltak for å avgrensa risiko for gnag av gransnutebilla, ved at ein har min. 10 cm mineraljord rundt planta. Ved markriving 1. vekstseson etter hogst bør feltet liggja over vinteren for å komprimera jorda før planting i år 2 etter hogst. Av den grunn kan det gjeve tilskot til planting av gran i år 2 og vårplanting i år 3 etter hogst, når markriving er gjennomført på feltet.
- **Nyplanting ved påskoging og treslagsskifte**, dvs skifte til høgproduserande bartreslag der det er føremålstenleg, er viktig for å oppretthalda ressursgrunnlaget for produksjon av trevirke i kommunen. For å stimulera påskoging, er det opna opp for høgare tilskotsats på nyplanting.
 - Ved omdisponering av heile eller delar av hogstfeltet, kan produksjonsgrunnlaget på eigedomen oppretthaldast gjennom å utføra påskoging av høgproduserande bartreslag på andre stader på eigedomen. Ved slike høve vil tilskotsats på ordinær nyplanting gjelda, fordi det kan sikrast tilstrekkeleg avsetjing av skogfond ved hogst til å finansiera tiltaket.
- **Flaterydding** gjeld tilskot til fjerning av konkurrerende vegetasjon på felt som vert nyplanta 3 år etter hogst grunna risiko for gnag av gransnutebilla og punktfjerning av konkurrerende vegetasjon før suppleringsplanting 3 år etter hogst.
- **Suppleringsplanting** er eit viktig tiltak for å sikra tilfredsstillande tal tre på feltet, og det er difor opna for høg tilskotsprosent. Det er eit krav at suppleringsplanting vert utført fyrst 3 år etter hogst. For å kunna fylgja utviklinga i feltet etter nyplanting, bør synfaring utanom vekstsesonen gjennomførast etter 1. og 2. vekstseson. Ein vil då kunna danna seg eit bilete av utviklinga når det gjeld tilslag, avgang og avgangsårsak. Dette vil igjen vera viktig for omfanget av planlagt suppleringsplanting.
- **Ungskogpleie** er skjøtseltiltak i hogstklasse 2, som lauvrydding som fyrste tiltak og avstandsregulering i ein sein fase av hogstklasse 2 som andre tiltak. For å kvalifisera til tilskot må talet tre ned til 150 – 200 tre/daa ved avstandsregulering, dvs. at framtidstrea er valde ut og siste skjøtseltiltak før bestandet igjen er hogstmodent er gjennomførte.

Krav til treantal/ daa ved nyplanting og suppleringsplanting

| Bonitet | Intervall for plantetal ved nyplanting Tre/ daa | Minimumsplantetal ved supplerings Tre/ daa |
|---------|---|--|
| 29 | 220-270 | 220 |
| 26 | 220-270 | 220 |
| 23 | 220-270 | 220 |
| 20 | 200-250 | 200 |
| 17 | 180- 230 | 180 |
| 14 | 160- 210 | 160 |
| 11 | 130- 180 | 130 |

Tilskot til tettare skogplanting som klimatiltak

Dette er ei sentral ordning fastsett av Landbruksdirektoratet, der vilkåra varierer frå år til år. Kommunen handsamar søknader og gjev løyve om tilskot basert på dei til ei kvar tid gjeldande føringar frå sentrale hald. Slik sett vil vilkåra kunna avvika frå det som kjem fram i lista nedanfor.

Skogeigar må halda seg oppdatert på dei reglar og retningslinjer som gjeld for tilskotsordninga. Desse finst på heimesida til Voss herad og Landbruksdirektoratet. Voss herad kan gje ytterlegare rettleiing og setja vilkår for tilskot i kvar einskild sak.

[Tilskudd til tettere skogplanting som klimatiltak - Landbruksdirektoratet](#)

Førehandsgodkjent kostnadsgrunnlag for eige arbeid

Skogeigar som utfører skogkulturtiltak i eigen skog, kan få godkjent eige arbeid som del av kostnadsgrunnlaget for tilskot. Følgjande satsar er godkjente maksimalsatsar pr tiltak:

| Tiltak | Maxsats |
|--------------------------------|-------------------|
| Nyplanting | Kr 4,50 pr plante |
| Suppleringsplanting | Kr 5,50 pr plante |
| Ungskogpleie 1-7 m trehøgde | Kr 750 pr daa |
| Ungskogpleie over 7 m trehøgde | Kr 1100 pr daa |

Søknad, sakshandsaming- skogkulturtiltak

Alle skogeigarar som utfører tiltak i samsvar med overordna retningslinjer, er kvalifisert for tilskot. Det er likevel ingen automatisk rett å få tilskot, og disponible midlar kan gå tom. Alternativt vert det avkorting i tilskotssats, slik at flest mogleg får tilskot, men at satsen vert redusert.

Søknadsfrist er 1. september for tiltak utført 1. halvår, og 25. november for tiltak utført i 2. halvår. Voss herad handsamar tilskotssøknadene samla etter kvar søknadsfrist.

Anmodning om utbetaling av skogfondsmidlar (refusjonskrav), jf. forskrift om skogfond, vert handsama fortløpande. Dette sjølv om skogfond og tilskot til skogkultur vert omsøkt på same skjema.

Søknad skal sendast elektronisk via Skogfondssystemet i Altinn. Alternativt kan søknadsskjema "[Utbetaling frå skogfond og søknad om tilskot til skogkultur](#)" (LDIR 909) nyttast, og sendast til Byggesak og Næring på postmottak.naring@voss.herad.no.

For grøfting og gjødsling gjeld søknadsskjema «[Utbetaling frå skogfond og søknad om tilskot til grøfting og gjødsling](#)» (LDIR 910).

Tilskot til overordna vegplanlegging

Overordna planlegging og motiverande arbeid er viktig for å få til rasjonelle og lønsame veganlegg. Voss herad kan gje tilskot til overordna vegplanlegging, men det er ein føremon at dette vert samordna på fylkesnivå, gjennom Statsforvalteren i Vestland.

Tilskot til vegbygging

I NMSK- forskrifta står det : «*Det kan gis tilskudd til bygging av nye eller ombygging av eksisterande skogsveier når dette bidrar til helhetsløyser som gir grunnlag for utnyttelse av skog- og utmarksressursene*».

Vidare står det at vegen skal vera godkjent etter forskrift om planlegging og bygging av landbruksvegar eller plan- og bygningslova. Det er òg ein føresetnad av det ligg føre godkjend avkøyring der det er aktuelt.

Før anleggsarbeidet vert starta, skal det utarbeidast ein byggeplan godkjend av kommunen. Nærare informasjon om kva ein byggeplan skal innehalde, går fram av baksida av søknadsskjema [SLF- 903](#) for tilskot.

Det er eit krav at vegen vert vedlikehalden med same standard som han vart bygd med.

Utbetring av infrastrukturen i skogen og på det offentlege vegnettet er eit viktig satsingsområde. Voss herad vektlegg gode heilskapsløyser, der transport av tømmer (frå stubbe til industri) skjer på ein rasjonell og kostnadseffektiv måte, samstundes som omsynet til miljø vert godt ivareteke.

Dei viktigaste prioriteringane er:

- Vegar (nybygging eller opprusting) i samband med vindfallhogst.
- Skogsbilvegar i vegklasse 3 og 4.
- Større fellesanlegg med mykje hogstmoden skog og store produktive skogareal og vegar bygde som sams tiltak etter Jordskiftelova.
- Anlegg som er i tråd med hovudplan for skogsvegar, (2014- 2025) vedteken i Voss kommunestyre 10.04.2014.
- Bilvegar framfor traktorvegar.
- Det kan i særlege høve nyttast tilskot til å delfinansiera opprusting av offentleg vegnett (tilkomstveg) som eit ledd i samband med nybygging/utbetring av privat skogsbilveg.
- Traktorvegar i vegklasse 7 som fyller føringane i avsnitt om vegstandard.

Krav til vegstandard

Vegen må ha ein standard som står i stil med bruken, og skal byggjast i samsvar med gjeldande normer for landbruksvegar. Større veganlegg bør vera planlagde av ein godkjend vegplanleggjar. Veglina skal vera stukken i marka og godkjend av kommunen, jf. landbruksvegforskrifta. Vegen skal byggjast etter den godkjende veglina, og anlegget skal føra fram til det punktet som er oppgjeve i søknaden.

Dersom offentleg tilkoblingsveg ikkje held krav til standard for vogntog (12,4 m eller 15 m lengde), eller ikkje har tilstrekkeleg tillate aksellast (under 10 tonn), vil veganlegget normalt ikkje vera i posisjon for å få tilskot før den offentleg vegen vert oppskreven.

Voss herad har skrive opp alle kommunale vegar til 10 tonns aksellast, med unnatak av vegar med redusert bereevne. Alle kommunale vegar som har snuplass for vogntog i enden, og som er prøvekøyrd, er skrivne opp til BK 10 (19,5 m vogntoglengde). Likeins vert vegar som står i BK10/50 opna for spesialvogntog for transport av tømmer (24 m vogntoglengde og 60 tonn totalvekt).

Større fellesanlegg skal prioriterast. For slike anlegg må det skipast veglag. Fordeling av kostnadene for anlegget skal gå fram av signert søknadsskjema, og det framtidige vedlikehaldet skal vera på plass gjennom ei skriftleg avtale før tilskot vert utbetalt.

I særlege høve kan heradet opna opp for tilskot i vegklasse 7. Dette gjeld når arealet med planta gran er mindre enn 100 daa, når terrenget er eigna for vegklasse 5 eller når den offentlege tilkomstvegen ikkje kan opnast for vogntog. Ved slike høve vil totaløkonomien ved å anlegga vegklasse 7 og transportera tømmer ned til skogsbilveg for vogntog, vera betre enn ved å byggja vegklasse 5.

Det skal normalt ikkje gjevast tilskot til vegklasse 8 eller vegar med lågare standard.

Vilkår for tilskot - skal vera med i alle vedtak

- Vedlikehaldsavtale skal vera underskriven av grunneigarane før tilskot vert utbetalt.
- Der det er hogd høgproduserande bartreslag innanfor dekningsområdet til vegen, skal det foryngast med treslag som gjev minst same volum eller verdiproduksjon.
- Eigedomar som naturleg soknar inn til veganlegget, skal ha høve til å kjøpe seg inn i vegen om dei ynskjer det.
- Kostnadene for vegen skal vera kjende ved anbod eller fast pris.

Når det vert gjeve tilskot, skal det takast atterhald om at kommunen, Statsforvaltaren eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar, og kontrollera at bruken av tilskotsmidlar har skjedd i tråd med føresetnadene for tilskotet.

Tilskotssatser

Retningsliner ved deling av tilskot til skogsvegar, utarbeidde av landbruksdepartementet oktober 1984 (M- 016), vert lagde til grunn for søknader om tilskot.

- Tilskot til bilvegar og tilkomstvegar i vegklasse 3 og 4 bør liggja i intervallet 30 – 60 % (nedprioritera vegklasse 5)
- Skogsveganlegg med høg andel hogstmoden skog og som kan realisere trekapital som finansiering gjennom skogfond med skattefordel skal ha redusert tilskotssats. Grunngeving er meir effektiv bruk av tildelt tilskotsramme.
- Veganlegg der hovudvekta av skogen ikkje er hogstmoden før 5- 10 år fram i tid og som ikkje bør realiserast av andre faktorar skal ha redusert tilskotsats.
- Tilskot til sekundærvegar/traktorveg klasse 7 bør liggja i intervallet 25- 45 %
- Der det er nytta godkjend vegplanleggjar, går kostnader til detaljplanlegging, utarbeiding og oppfylging av anbod samt oppfylging av anlegget under bygging/byggeleing inn som ein del av kostnadsgrunnlaget. Kostnader til bom og liknande kan og inngå som del av tilskotsgrunnlaget.
-

Skogsvegar i vegklasse 3 til 7 kan for dekningsområdet til vegen få tilskot med inntil kr 7000/daa for areal i hogstklasse 2-4 som er tilplanta med gran, og inntil kr 160/m³ for gran og furu i hogstklasse 5. For lauv inntil kr 100/m³ i hogstklasse 5.

Dersom planen for eit veganlegg må endrast av omsyn til naturmiljø og friluftsliv, kan eventuelle meirkostnader inngå i tilskotsgrunnlaget. Det er og opning for kompensasjon gjennom høgare tilskotssats.

Søknad og sakshandsaming – vegar

Søknad skal skje ved å bruka søknadsskjemaet «[Søknad om tilskudd til vegbygging](#)». Rettleiing til utfylling står på skjemaet, som er å finna på heimesidene til Landbruksdirektoratet. Søknad skal sendast til postmottak@voss.herad.no

Utbetaling av tilskot skjer gjennom å fylla ut skjemaet «[Regnskapssammendrag for skogsveianlegg](#)» (LDIR 904), som er å finna på heimesidene til Landbruksdirektoratet.

Rekneskapssamandrag skal sendast til postmottak@voss.herad.no. Det skal først rekneskap for veganlegget med utgifter utan mva. Utgiftene i rekneskapen skal vere dokumenterte med faktura eller timelister for eigeninnsats. Grunnlag for utbetaling av tilskot, er rekneskapssamandrag.

Ev. eigeninnsats ved bygging av landbruksveg skal avklarast og førehandsgodkjennast av kommunen (arbeidart, volum og timepris)

[Tilskot til drift med taubane, hest o.a.](#)

Det kan gjevast tilskot til drift med taubane, hest o.a. Tilskot kan berre gjevast der det er gjennomført registrering av miljøkvalitetar (MIS) i området. I område der det ikkje er føreteke ordinære miljøregisteringar, skal det stillast krav om gjennomføring av dei « føre var-tiltaka» som er nedfelte i skogbruket sine sertifiseringsordningar.

Dei viktigaste prioriteringane er:

- Hogst av stormfelt skog

[Krav til drift med taubane, hest o.a.](#)

- Tilskot til drift med taubane, hest o.a. skal berre gjevast når drifta blir gjennomført i hogstmoden skog og på ein slik måte at det vert teke omsyn til skogen sine funksjonar når det gjeld biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminne og friluftsliv.
- Det er eit vilkår at det etter hogst av gran skal plantast til med gran. Der andre treslag kan gje minst same volum- eller verdiproduksjon, og andre omsyn talar for at det etter ei god skogfagleg vurdering, kan det nyttast andre treslag. Det kan ikkje under nokon omstende gjevast tilskot til drift der det ikkje vert forynga med ny skog etter gjennomført drift.
- Det kan berre utbetalast tilskot når drifta blir gjennomført utan særleg skade på spesielle miljøverdiar i området.
- Søkjar må dokumentera alder på skogen i søknad om tilskot. Det skal takast prøver i ulike delar av hogstfeltet. Lågaste totalalder etter bonitet for å gje tilskot går fram i tabell under:

| Bonitet | Lågaste totalalder | Tillegg til alder målt i brysthøgde |
|--------------|--------------------|-------------------------------------|
| G26 og betre | 55 | + 10 år |
| G23 | 60 | + 12 år |
| G20 | 70 | + 13 år |
| G17 | 80 | + 14 år |
| G14 | 90 | + 16 år |
| F11 | | |
| F14 | | |
| F17 | | |

Det skal ikkje gjevast tilskot når:

- Skogsdrifta kan motverka utbygging av eit rasjonelt vegnett innan eit naturleg avgrensa driftsområde.
- Området som vert hogd skal omdisponerast til andre føremål enn skogproduksjon.

Tilskotssatsar i kr/m³ innmålt

Tidlegare har taubanetilskot vore fastsett som tilskot på innmålt volum i kr/m³.

Det er nyleg utvikla ein taubanekalkulator som skal nyttast som grunnlag for tilskot. Økonomien i drifta gjennom innlegging av forventta virkesverdi og driftskostnad vert lagt inn og rotnetto pr m³ dannar grunnlag for tilskotsnivå i kr/ m³.

I og med kalkulatoren nyleg er utvikla, kan det bli endringar på forutsetningane. Kommunen har og høve til å gjere lokale tilpassingar.

Driftstilskog til hesterdrifter er kr 200/ m³ innmålt volum, uavhengig av tilskot.

Søknad og sakshandsaming - Tilskot til drift med taubane, hest o.a.

Søknad skal sendast elektronisk via Skogfondssystemet i Altinn. Alternativt kan søknadsskjema «[Søknad om tilskodd til drift med taubane, hest o.a.](#)» (LDIR 916) nyttast, og sendast til postmottak@voss.herad.no

Utfylt skjema, kart, dokumentasjon på alder og underskrift av skogeigar skal sendast Voss herad seinast 6 veker før planlagt oppstart av drifta.

Fylgjande informasjon skal liggja ved søknad om tilskot:

- Dokumentasjon på at det er gjennomført miljøregistrering i skog (MiS)
- I område utan MiS- registreringar må det dokumenterast at det er gjennomført «føre var tiltak» i tråd med *Levande Skog* sine standardar.
- Detaljkart 1: 5000 som viser hogstområdet, miljøregistreringar og alle skogsveggar (bil- og traktorveggar), eventuelt kart ført inn i ØKS.

I heradet sitt vedtak skal naturmangfaldslova sine prinsipp om offentleg mynde (§ 7) innarbeidast og liggja til grunn for avgjersle om tilskot.

Tilsegn om tilskot bør gjevast med kort arbeidsfrist, slik at midlane kan nyttast til andre prosjekt dersom drifta av ein eller anna grunn ikkje kjem i gang. Tilskot vert trekte inn utan nærare varsel etter 3 månader dersom det ikkje vert gjeve varsel om at drifta vert forsinka.

Oppmoding om utbetaling av tilskot skjer digitalt i Skogfondssystemet i Altinn, eller på skjema «[Utbetalingsanmodning for tilskudd til drift med taubane, hest o.a.](#)» (LDIR 931). Dette skal sendast til postmottak@voss.herad.no

Tilskot til miljøtiltak i skog

Voss herad kan gje tilskot til å ivareta og vidareutvikla miljøverdiar knytte til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne.

Dei viktigaste prioriteringane er:

- Dekking av meirkostnader eller tap ved å gjennomføra skjøtselstiltak for å ivareta og utvikla miljøverdiar.
- Delvis dekking av økonomiske tap knytte til langsiktig bevaring av spesielle miljøverdiar, der omsyn til desse krev at skogeigar avstår frå hogst eller legg om skogsdrifta.
- Dekking av meirkostnader ved skogsdrift for å unngå vegbygging som vil redusera villmarksprega område.

Søknad om tilskot til miljøtiltak i skog skal sendast digitalt i Altinn, eller ved å fylla ut skjema «Søknad om tilskudd om miljøtiltak i skog» (LDIR 911). Skal sendast til postmottak@voss.herad.no

Kontroll

Felles for alle tilskotsordningane i overordna retningsliner er at når det vert gjeve tilskot, kan kommunen, statsforvaltar eller Riksrevisjon krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at tilskotsmidlane er nytta i tråd med føresetnadene for tilskotet.

Voss herad har ansvaret for gjennomføring av kontroll, og dei godkjende søknadane skal fylgjast opp med synfaring. Dei som søker om tilskot, er forplikta til å gje opplysningar og akseptera dei kontrolltiltaka som skogbruksmynde legg opp til.